



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –  
Samferdsleavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlende enhet: Region vest      Saksbehandler/telefon: Knut Helge Olsen / 55516534      Vår referanse: 16/22031-2      Deres referanse:      Vår dato: 10.02.2016

### Trafikksikring – Fv. 196 Hetlevikåsen, Bergen kommune.

I møte 14. januar 2016, Miljø- og samferdselutvalet i Hordaland fylkeskommune, stilte Roald Kvamme (A) følgjande spørsmål:

*"Til samferdselsavdelinga.  
Innspelet frå Loddefjordutvalget:*

*«Vedr fylkesvei i Hetlevikåsen*

*Loddefjord Utvalget ønsker at det blir satt fokus på å trygge barnas skolevei her i bydelen vår. I den forbindelse har vi sett på fylkesveien/kommunale veien som går i Hetlevikåsen. Denne veien som er ca 2 km lang er helt uten fartsdumper, overgangsfelt og har en fartsgrense på 50 km/t. Både barn og voksne krysser denne veien daglig på vei til og fra skole, butikk, buss, jobb, fritidsaktiviteter, barnehager osv. Tilsvarende vei er Vadmyrveien der fartsgrensen er satt ned til 30 og det er laget både humper og overgangsfelt.*

*Dersom det er ønskelig stiller vi gjerne opp for å delta på en befarings av fylkesveien.*

*Kan fylkeskommunen følgja opp innspelet knytt til trafikksikring frå Loddefjordutvalget slik at ein kan få vurdert eventuelle tiltak?»*

I dette høvet finn ein prioriterte tiltak knytt til trafikktryggleik i Hordaland fylkeskommune sitt Plan- og byggeprogram for fylkesvegane i Hordaland (2016), Tiltaksplan for trafikkikkerhet 2014–2017, og i Bergen kommune sin trafikksikringsplan (2014–2017).

Det er ikkje sett av midlar eller prioritert særskilte trafikktryggingstiltak for Fv. 196 Hetlevikåsen i inneverande Plan- og byggeprogram for fylkesvegane, eller i tiltaksplan for trafikkikkerhet 2014–2017. I trafikksikringsplanen til Bergen kommune 2014–2017 finn ein ett registrert innspel i form av ynskje om tiltak ID5435 Gangfelt Mathopsveien–Hetlevikåsen.

Vegen er relativt smal, utan gul midtstripe, men med langsgåande tilbod i form av einssidig fortau. Vegen er trase for buss, fartsgrensa er 50 km/t, og gjennomsnittlig trafikkmengde på 3500 per årsdøgn i nedre del av vegen. Øvre del av vegen karakteriserast med låg trafikk av køyretøy (hhv. 1300ÅDT og 800ÅDT).

Dei siste åtte år er det registrert tre trafikkulukke med lettare personskade. Alle tre var motorsykkellukker (ein i 2010 og to i 2013).

I mai 2014 vart det gjennomført fartsmålingar ved gangfelta. Fartsmålingane synar eit nivå på 3–5 km/t over 45 km/t. Noko som er ein indikasjon på at tiltak bør vurderast for å redusere fartsnivå ved gangfelta.

Ut frå dagens prioriteringar i Plan- og byggeprogram, og Tiltaksplan for trafikksikring synast det mest aktuelt at tiltak vurderast i komande planperiode 2018–2021. Vi gjer merksam på at Bergen kommune startar arbeidet med ny trafikktryggleiksplan i 2016, og tilsvarande vil det i 2016 verte oppstart på arbeidet med ny tiltaksplan for trafikktryggleik i Bergensprogrammet.

Vegavdeling Hordaland  
Med hilsen

Olav Finne  
Avdelingsdirektør

Olsen Knut Helge  
Seniorrådgjevar

Kopi  
Hordaland fylkeskommune, Samferdselavdelinga Hordaland Fylkeskommune Postboks 7900,  
5020 BERGEN

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*